

# NOTAT

---

Til: Landsstyret

Fra: Arbeidsutvalget

Dato: 30. oktober 2020

## AUs anbefalinger for videre arbeid med NJ klimaveileder

Arbeidsgruppa som jobber med NJs klimaveileder har levert et første utkast til landsstyret. Gruppas leder kommer til møtet for å legge frem forslagene og landsstyret inviteres til en første diskusjon. Arbeidsutvalget anbefaler også at lagslederne i NJ får komme med sine innspill til forslagene på lagsledersamlingen i november, og at landsstyret får saken til vedtak i februar 2021.

Landsstyret vedtok i juni 2020: «*Landsstyret ber politisk ledelse, sammen med sekretariatet, sette sammen en arbeidsgruppe som skal utarbeide forslag til miljøveileder for Norsk Journalistlag. Veilederen skal gi råd til hvordan man kan gjøre grønne valg i hele organisasjonen og de arrangementer vi er avsender av. Landsstyret får forslaget til behandling på landsstyremøtet i november.*»

Arbeidsgruppa ble nedsatt i juni og har bestått av Ole Ottar Karlsen Høgstavoll, vara til landsstyret og lokallagsleder i Møre og Romsdal, Annette Hobson, klubbleder i NRK og leder i NJ Oslo, Jørgen Braastad, klubbleder i VG, Mari T. Hauge, arrangementsansvarlig i NJ, og Ingrid Grimstad, medlemsavdelingen NJ. Karlsen Høgstavoll har ledet arbeidsgruppen.

Arbeidsgruppa fikk ikke annet mandat enn det som fremgikk av vedtaket i landsstyret, men det ble gjennomgått med gruppen at bestillingen ikke handlet om å lage en uttømmende liste over miljøtiltak. Arbeidet er ment som en oppstart på en lengre prosess som vil måtte involvere flere personer og ledd i organisasjonen. Arbeidsgruppa har levert et første utkast til et dokument som inneholder momenter til NJs klimaveileder og arbeidsgruppas leder kommer til landsstyremøtet i november for å gå gjennom forslagene med landsstyret. Landsstyret inviteres til å gi sine innspill og tilbakemeldinger til forslagene fra gruppa.

Arbeidsutvalget foreslår også at lagslederne i NJ får forslagene presentert på lagsledersamlingen i november og der får mulighet til å komme med sine tilbakemeldinger.

Til det videre arbeidet foreslår arbeidsutvalget at arbeidsgruppa tar med seg innspillene fra landsstyret og lagslederne, og jobber frem et konkret forslag til en veileder som landsstyret kan vedta i februar 2021. For å oppnå dette innenfor tidsrammen foreslår arbeidsutvalget også at Pål Hellesnes tiltrer arbeidsgruppa.

Forslag til vedtak:

- Landsstyret tar arbeidsgruppas forslag til orientering
- Arbeidsgruppas forslag legges frem for lagslederne i NJ i november.
- Arbeidsgruppa tar med innspill og tilbakemeldinger fra landsstyret og lagslederne og utformer et konkret forslag til en klimaveileder for Norsk Journalistlag.
- Pål Hellesnes tiltrer arbeidsgruppa og deltar i det videre arbeidet.
- Frist for levering er 6. januar 2021.

# NOTAT

---

Til: Landsstyret/Arbeidsutvalet

Frå: Klimarettleiartutvalet, v/ Ole-Ottar Høgstavoll (leiar, Vikebladet Vestposten, NJ Møre og Romsdal), Annette Hobson (NRK Dok og Samfunn, NJ Oslo), Jørgen Braastad (VG), Ingrid Sætheren Grimstad (sekretariatet) og Mari Hauge (sekretariatet).

Dato: 16.10.2020

## Forslag til klimarettleiar for Norsk Journalistlag

Landsstyret vedtok i juni 2020 at det skulle setjast ned ei arbeidsgruppe som skulle utarbeide forslag til miljøveileder for Norsk Journalistlag. «Veilederen skal gi råd til hvordan man kan gjøre grønne valg i hele organisasjonen og de arrangement vi er avsender av,» heitte det i mandatet til gruppa.

Gruppa har i tillegg til å utarbeide ein klimarettleiar for arrangement og grønne val i organisasjonen (1), også utarbeida ei liste med grønne krav til drift av sekretariatet i Norsk Journalistlag (2), og eit forslag til tiltaksplanen for perioden 2021-2023 (3).

Forslag til vedtak:

1. Landsstyret vedtek følgjande klimarettleiar for Norsk Journalistlag:

### **Klimarettleiar for Norsk Journalistlag**

*Denne rettleiaren skal gje råd til korleis ein kan gjere grønne val i heile organisasjonen, men også i høve dei møta og samlingane vi arrangerer.*

#### ***Kva vil vi oppnå?***

Norsk Journalistlag som organisasjon ønskjer å gjere ein positiv skilnad når det kjem til klima og miljø.

Norsk Journalistlag skal verte meir medvitne rundt korleis arrangement og aktivitetar vi står bak kan redusere negativt klimaavtrykk.

#### ***Kvifor betyr dette noko?***

NJs landsmøte 2019 vedtok at “NJ erkjenner klimautfordringene, og skal aktivt tenke grønt i sitt arbeid”. Dette er eit tydeleg oppdrag til organisasjonen om at NJ skal ta del av ansvaret for den situasjonen kloden no er komen i – og jobbe aktivt for å motverke ytterlegare forverring av klimaet på kloden.

Gjennom å nytte dei verkemiddela vi har til rådvelde, kan vi syte for at aktivitetar i regi av NJ vert grønnare og meir klimavenlege.

#### ***Korleis vil vi gjere det?***

Arbeidet med klima i NJ er todelt: Mykje av ansvaret ligg på NJ som organisasjon. Gjennom politiske organ kan NJ vedta ein grønnare politikk for organisasjonen, og sekretariatsleiar kan leggje til rette for grønnare drift av sekretariatet i det daglege.

NJ er ein fagorganisasjon, og våre tillitsvalde kan i tillegg bidra aktivt til fordel for klimaet gjennom påverknadsarbeid i redaksjonane der ein er tilsett og har sitt daglege virke.

#### Grønnare arrangement:

- **Servering**
  - Ved alle arrangement med servering i regi av Norsk Journalistlag skal ein tilby eit vegetaralternativ
  - Før ein bestiller servering til arrangement hjå hotell eller andre aktørar, skal ein forhøyre seg om korleis dei jobbar for å redusere matsvinn
  - Ved arrangement der ein nyttar eingongsservise, skal ein så langt det er mogleg nytte miljøvenleg eingongsservise. Dette tyder servise i nedbrytbart materiale.
- **Transport**
  - Når ein planlegg arrangement i regi av Norsk Journalistlag, må ein tenkje over korleis deltakarane skal kome seg til og frå arrangementet på ein mest mogleg miljøvenleg – og effektiv - måte.
  - Medlemmer og tillitsvalde kan velje alternativ transport til fly og bil, sjølv om det er dyrare.
  - Be deltakarar på arrangement om å køyre fleire saman der dette er hensiktsmessig.
  - Sett opp felles busstransport frå eit knutepunkt til større arrangement der mange elles ville ha køyrt eigen bil.

#### Grønnare møteverksemd:

Pandemien har synt oss at det kan vere meir effektivt, tids- og kostnadssparande å avvike fleire møte digitalt. Samstundes har vi fått erfare kor naudsynte fysiske møte i nokre samanhengar er, både for dei avgjerdene som skal takast i møtet, for det ein skal ha ut av møtet av sosialisering, samhaldsskaping og nettverksbygging.

Framover meiner vi at ein meir medvite bør nytte begge møteformene i møte i regi av Norsk Journalistlag.

- I utgangspunktet bør minst halvparten av møta i NJs utval, styre, lag og andre organ vere digitale møte.
- NJs sekretariat skal samordne møtekalendrane i dei ulike organa i organisasjonen for å leggje fleire større møte kant i kant, slik at det blir færre reiser for tillitsvalde - då sparer vi både klimaet og tida til folk.
- I alle forhandlingar med hotell, restaurant, reisebyrå, og andre tenestetilbydarar skal NJ stille krav om at dei skal levere klimavenlege tenester

#### Grønt påverknadsarbeid i redaksjonane

Som tillitsvalde og fagorganiserte i redaksjonane bør ein freiste å påverke leiinga til å gjere grønnare val i på arbeidsplassen. Til dømes:

- Ein bør setje seg inn i “grøne tariffkrav” i førebuingar til lokale forhandlingar. NJ bør i høvelege samanhengar ha arrangement og opplæring der dette er tema.
- Ein bør gjennomgå ledda i den redaksjonelle produksjonen og undersøke om det går an å gjere meir klimavenlege val
- Særleg i fjernsyns- og radioproduksjon bør ein jobbe for ein grønarare produksjon med gjenbruk, resirkulering og meir klimavenleg alternativ. Ta del i diskusjonsgrupper, informer på arbeidsplassen og tenk kreativt!

Døme på ting ein kan drøfte:

- Subsidiere kollektivreiser og/eller el.sykkel for dei tilsette
  - Oppmode til innkjøp av “rykke-el.sykkel” og “rykke-el.bil” til redaksjonen
  - Gjenbruk av servise – og bruke meir klimavenleg eingongsservise
  - Kjeldesortering
  - Jobbe for å redusere el.avfall og i alle fall resirkulere det riktig!
  - Skal ein ha ein regel for kor lenge ein skal ha det elektroniske utstyret før ein byttar det?
  - Bruke mindre papir
  - Fleire digitale møte der ein kan, men utan at dette går på akkord med den gode journalistikken.
  - Meir klimavenleg møteservering: kortreist, sesongbasert og gjerne vegetarisk
2. Klimarettelrarutvalet oppmodar landsstyret om å be sekretariatsleiar om å ta følgjande forslag til klimatiltak i NJs sekretariat til orientering:
- Ved bestilling av profileringsmateriale, skal ein vurdere om dette er naudsynt og i kva grad det er klimanøytralt.
  - NJ skal vurdere å plassere kapital i grønne fond
  - Sekretariatsleiar skal sjå på i kva grad det er høve til å leggje til rette for grønarare arbeidsreiser gjennom t.d. sykkel, subsidiering av kollektivtransport, mindre bruk av bil og drosje, og samkøyring til arrangement.
  - Undersøke med huseigar på kva måtar ein eventuelt kan gjera drifta av bygningsmassen og kantina i Brugata 19 meir klimavenleg.
  - Betre rutinar for påmelding til kurs og andre arrangement slik at ein ikkje bestiller for mykje mat, og også krysse av for kjøttfritt alternativ.
  - Ta initiativ til dialog med Norsk Presseforbund om å innføre digitale pressekort.
  - Intensivere og slutføre arbeidet med heildigital reiserekning for medlemmer, tillitsvalde og tilsette.
  - Landsstyret ber om at sekretariatsleiar rapporterer om framdrifta på desse punkta innan mars 2022.
3. I neste landsmøteperiode skal NJs landsstyre ta initiativ til dialog med andre fagforeiningar og eventuelt andre relevante aktørar for å arbeide for endringar i skattelovgjevinga som gir høve til å gi skattefrie kilometergodtgjersle for sykkel- og elsykkelreiser på same måte som med dagens ordning for bil.